

Bondelaget med ny giv

20.10.2011



Nøkkelpersoner i bygdas gjenstarta bondelag. Frå venstre sit Runar Myklebust, Tor Øystein Myklebust, Olav Hjetland Bringedal, stian Haugland og Hans Reidar Kjærland.

Uskedalen Bondelag, som har hatt årsmøte i kveld, er skikkeleg på beina att etter ein pause på rundt 5 år. Olav Hjetland Bringedal er glad for at han har fått vera leiari det siste året fordi aktiviteten har vore større og meir omfattande enn nokon trudde. Det syner kor initiativ- og ressurssterke medlemmer laget har sjølv om dei er få. I fjor haust var det 54 medlemmer, 6 fleire enn året før.

I styret sit etters nestleiar Runar Myklebust, kasserar Lars Haugland, skrivar Tor Ove Haugland og studieleiar Hans Reidar Kjærland.

- Å vera bonde i dagens samfunn har sin pris, utfordringane står i kø, sa leiaren i opningsinnlegget sitt.

Ein særleg viktig oppgåve framover blir å orientera folk om norsk og trygg mat. På den måten vil ein truleg unngå nedbyggjing av verdifull matjord, sikra godt sal av norskprodusert mat og få brukbare resultat i jordbruksforhandlingane.

Noko av dette arbeidet må gjerast lokalt og i Uskedalen Bondelag har dette året sett verkeleg fart i haldningsarbeidet. Det viktigaste vi kan arbeide med i framtida er ombyggjebyggjing og det gjer vi best ved å vera aktive som lokallag, meinte leiaren.

Hjetland Bringedal kom også inn på økonomien og at bøndene klagar over inntekta med god grunn, Han trudde ikkje at bonden åleine hadde oppnådd noko utan arbeidet i organisasjonen.

Lokalt er det slett ikkje berre nedleggjing og negative trender som dominarar, Laget har aktive medlemmer som satsar på gardsdrifta. Som døme ville leiaren nemne Svein Ottar Rørheim som har starta opp att med mjølkeproduksjon og Runar Myklebust, som har teke i bruk eit ombygd fjøs.

Under årsmøtet heldt veterinær Silje Lønning Aas føredrag om storfe og sau.

Av Ola Matti Mathisen



Sauen heime att på Døssland